



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
22. mars	2018	Liv Sonja Flolid

Disse 11 møtte fram: Asbjørn og Per S, Olav Å og Bjørn Eirik (Flåbygd-ekspressen), Per H, Miklos, Knut, Kolbjørn, Anders, Irene og underteikna.

Harald og Knut hadde laga hyggeleg bord tidleg på dagen, men Harald var barnevakt, og føretrekte det framfor vårt selskap. I presidenten sitt fråverande var det Irene som leia kvelden. Kvelden starta med drøs og litt bobler i glaset for dei som hadde sjåfør. Knut ønska velkommen til bords, og kveldens meny var mat frå kinarestauranten. Nydeleg!

Miklos hadde 3-minutteren og fortalte historia om hygiene og fødslar, frå den gong professor [Simmelweis](#), opphavleg frå Ungarn, styrde ein fødselsklinikk i Østerrike. Der var to avdelingar. Den eine var for dei kondisjonerte, og her det vrimla av professorar uti legekunsten og studentar frå det same. Den andre avdelinga var for dei «ubemidla», styrt av jordmødrer. Professor Semmelweis undra seg over at dødsrata på den «fine» klinikken var så skyhøgt mykje større enn hos jordmødrene. Svaret fann han då han kopla saman arbeidsgongen til professorane: Dei gjekk frå obduksjonar av lik og rett til barselssengene, utan å vaske seg på hendene. Med bakgrunn i denne kunnskapen sette han i verk enkle hygienetiltak, som at legane vart pålagde å [vaske seg skikkeleg på hendene](#) og desinfisere dei før dei fekk arbeide med dei fødande. Dette ga gode resultat, og talet på dødsfall gjekk kraftig ned blant dei fødande. Men stikk motsett det ein skulle tru, blei Semmelweis utsett for ukvemsord og intrigespel frå legane og andre, og det enda med at han måtte gå frå jobben på klinikken. Han reiste heim til Ungarn, der han blei professor i fødselshjelp i [Pest](#). Først kort tid etter Semmelweis' død – meir enn tjue år etter oppdaginga – begynte teoriane hans å få gjennomslag i medisinske fagmiljø.

Ein svært hyggeleg kveld, der talet på deltakarar gjorde at fleire fekk prata saman enn det som nok skjer ved eit større bord. Hermann var heime med influensa, men me tok ein skål for han!

Per H. vann vinen og Irene fekk nappet!

God påske, alle saman og takk til dei eg møtte for ein triveleg kveld!